



Søknad om å bli støttekontakt/treningskontakt

Hovudmålet med støttekontakt er å gi den enkelte brukar hjelp til å nytte fritida på ein positiv og meiningsfull måte. Avhengig av brukarens behov, ønsker og interesser kan støttekontakten nyttast til individuelt samvær eller som ein brubbyggjar til fritidsaktivitetar eller andre menneske. Å vera støttekontakt inneber å vera medmenneske og å vera positiv.

Informasjon:

Dette er skjemaet du skal fylje ut om du ønskjer å bli støttekontakt.

Fyll ut så nøyaktig som mogleg og vær observant på følgjande:

- For å bli støttekontakt må du ha fylt 18 år, vera påliteleg og vera trygg på deg sjølv. Det er ynskjeleg for den som treng støttekontakt at du kan vera støttekontakt over tid. Det er ikkje krav om fagbakgrunn. Du kan få tilbod om opplæring før start og undervegs. I nokre få tilfelle kan ein være under 18.
- Støttekontakten må skriva under på skjema for teieplik. Teieplikta inneber at du ikkje skal la utanforståande få kjennskap til personlege forhold rundt den du er støttekontakt / treningskontakt for. Det er og eit krav om politiattest for støttekontaktar som utfører oppdrag for mindreårige eller utviklingshemma. (jfr. Lov om barnevernstenester § 6–10, siste ledd og Lov om kommunale tenester for helse § 5-4). Søkjar har sjølv ansvar for å innhente politiattest etter at oppdragsavtale er signert.
- Ein får godtgjersle med eit kronebeløp per time, i tillegg til utgiftsrefusjon og evt køyregodtgjersle i samsvar med retningsliner i Voss kommune.
- Som støttekontakt i Voss kommune er ein oppdragstakar og ein har dermed ikkje rett på feriepengar eller sjukepengar. Støttekontaktar er ikkje knytt opp mot ordning om tenestepensjon, men opptent godtgjersle vert meldt inn til Folketrygda.
- Det kan ta tid frå du leverer søknad og at du får tilskriven ein å være støtte- eller treningskontakt for. Dette då du skal være rette vedkommande til rett brukar.
- Vi vil etter mottaken søknad kalle deg inn til ei samtale eller på anna måte ta kontakt om vi vurderer dette naudsynt. Vær difor nøyaktig med kontaktinformasjonen.
- Vi vil behandle dine opplysningar konfidensielt.

Med venleg helsing
Elizabeth Bell
Støttekontakt og frivilligheitskoordinator
Tlf: 48 01 45 73
stottekontakt@voss.herad.no
Kontor: Tinghuset



Søknad om å bli støttekontakt:

Fornamn: Etternamn: Adresse: Postnummer, Poststad: Personnummer:	Epost: Mobil: Utdanning/Yrke: Arbeids-/Studiestad:
--	---

Kvifor ynskjer du å bli støtte- eller treningskontakt?

Har du tidlegare erfaring med å være støtte- eller treningskontakt eller andre relevant erfaring?

Har du høve for å binde deg opp i eit år?

- Ja
 Nei

Har du førarkort?

- Ja
 Nei

og disponerer du bil?

- Ja
 Nei

Har du ynskje til kven du vil være støttekontakt for? (til dømes; kjønn, alder og/eller problemstilling?)

Kva er dine eigenskaper som gjer at du kan verta ein god støttekontakt?



Kva interesser og/eller hobbyar har du?		
Har du ein referanse vi kan kontakte som kjenner deg? I så fall namn, korleis han/ho kjennar deg og kontaktinformasjon:		
Når er du tilgjengeleg å jobbe som støttekontakt/treningskontakt?	Kor mange timar cirka kan du jobbe pr veke?	Ynskjer du fleire brukere?
<input type="checkbox"/> Dagtid <input type="checkbox"/> Ettermiddag <input type="checkbox"/> Kveld <input type="checkbox"/> Helg <input type="checkbox"/> Alle	<input type="checkbox"/> 1 <input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 <input type="checkbox"/> 4 <input type="checkbox"/> Annet _____	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Usikker